




## Bruk av Optima pH4 til hund

### Ved hudplager:

**Tørr hud, sår og sprukken hud, kløe, lett akne(kviser), lette tilfeller av våteksem og andre overflatiske hudplager.**

Bruk **Optima pH4 hundesjampo** ved bading. Bruk så **Optima pH4 hudspray for dyr** eller **Optima pH4 gel** dagleg. Og bruk ikkje andre sjampoar eller kjemikaliar i det tidsrommet du brukar Optima! Hundar har låg feittproduksjon i huda og uttørking av huda kan gi hudproblem. Bruk pH-balansert, skånsam, reingjerande og fuktbevarande sjampo for hund. **Optima pH4 hundesjampo fjernar ikkje** feitt frå hud og pels. Hunden kan derfor vaskast så ofte som nødvendig. Vask med denne er derfor det første og viktigaste tiltaket ved kløe og andre hudplager. Fukt hunden med lunka vatn og gni inn sjampoen slik at det skummar godt. Skyll med lunka vatn etter 1-2 min. Ved oppstart med Optima er det gunstig å vaska hunden kvar veke i 3 veker; deretter etter behov.

**Ved moderate plager i øyrene:**(utan opne sår): Rens øyrene med **Optima pH4 øyrerens** eller dosør 5-10 dropar i kvart øyre 1-2 g dagleg til plagene avtek. Deretter er det gunstig å bruka det 1-2 g pr veke. På denne måten kan plagene haldast i sjakk.

**Ved forhudplager hos hannhund:** Vask/skyll med utblanda **Optima pH4 hundesjampo** før første påføring. Bruk så **Optima pH4 forhudrens** dagleg til plagene avtek. Deretter kan bruksintervallet forlengast etter behov.

Det er viktig å trekkja forhuda godt fram når ein fører inn tuppen, slik at ein ikkje kjem borti sjølve penis. Skyll flere gonger, til væska som vert skylt ut ser rein ut, og gjenta nokon dagar på rad. ( NB! Toppen/Hetta på korken må skruast av før bruk)

**Ved mindre overflatesår:** Vask med **Optima pH4 hundesjampo**. Bruk deretter **Optima pH4 gel** 1-3g dagleg. Bruk bandasje etter behov.

**Ved mage/tarmplager:** Bruk ca 50 ml **Optima pH4 mage** pr dag til ein hund på ca 20 kg i 5-10 dagar. Bland det ut i fôret. Det er også brukt 1-2 spiseskeier i maten dagleg over lang tid.

**Optima** inneheld eddik og andre organiske syrer. Dei har ei lukt som **flått** og andre småkryp ikkje likar. Mange har erfaring for at **Optima pH4 hudspray for dyr** reduserer flåttproblemet hvis spraya blir brukt rett før turen i risikoterreng startar. Spray dei utsette delene på hunden, men pass på og ikkje få spray i augene. Ta evt med sprayflaska på turen og gjenta prosedyren.

**Hundeutstyr og kennel:** **Optima pH4 universalvask** er velegna til vask av alt utstyr til hund og til vask av kennel. Bruk av **Optima pH3,6 organiske syrer** etterpå forsterkar resultatet. Innhaldet av eddik gjer at desse er effektive mot lukt.

**Legg til rette for den gode bakteriefloraen i heile miljøet og unngå mange problem!**